Stiftinga

Det Norske Samlaget

# Årsmelding og rekneskap

# 2021

# Stiftinga Det Norske Samlaget

## Årsmelding og rekneskap for 2021

**Innhald**

Styrets årsmelding

- Vedtektene
- Verksemda/samfunnsoppdraget
- Nokre høgdepunkt
- Marknadssituasjonen
- Overordna mål
- Forretningsidé
- Årsrekneskapen
- Styret
- Finansiell risiko
- Helse, miljø og tryggleik
- Likestilling og mangfald
- Utsiktene for 2022 – føresetnad for vidare drift

Rekneskap

- Resultatrekneskap for 2021
- Balanse
- Notar til rekneskapen

Revisjonsmelding for 2021

Vedlegg: Utgivingar i 2021

# Årsmelding 2021

**Vedtektene § 1**
Stiftinga Det Norske Samlaget er ei sjølveigande, forretningsdrivande stifting som har til oppgåve å gi ut skrifter på nynorsk og norske målføre. Stiftinga skal fremje kunnskapen om norsk mål og odle og styrkje nynorsken som kulturmål i litteratur, undervisning og alt samfunnsliv elles.

**Verksemda/samfunnsoppdraget**
Samfunnsoppdraget til Samlaget er å syte for at det fins eit rikt utval av nynorsk litteratur på tvers av sjanger- og formatsgrensene. Forlaget bruker derfor store ressursar på å rekruttere og utvikle nynorskskrivande og samstundes syte for brei distribusjon av litteraturen i alle format og former.

**Nokre høgdepunkt**

- Total omsetninga var på kr 66 mill., salsinntektene var på kr 42 mill..
- Jon Fosse lanserte siste band i storverket *Septologien* bok VI–VII: *Eit nytt namn*. Utgivinga vann Brageprisen i skjønnlitterær klasse.
- Vestlandsvegar av Halvor Folgerød hevda seg bra på bestseljarlistene og selde over 14 000 eksemplar.
- Samlaget held fram arbeidet med større mangfald. Sigmund Løvåsen blei tilsett som prosjektleiar for Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring. 11 elevar er tekne opp i første kullet som startar skulen i januar 2022.
- Den andre Fossefestivalen blei arrangert i samarbeid mellom Samlaget og Det Norske Teatret.
- Samlaget har ved årsskiftet over 200 lydfiler i sal.

Diverse prisar som gjekk til samlagsforfattarar i 2021:

- Peter Strassegger nominert til Nordisk råds litteraturpris for barn og unge 2021 for Aleksander den store
- Mona Høvring fekk Doblougprisen
- Språkrådets språkpris gjekk til Katrine Sele
- Sinne av Ann Helen Kolås Ingebrigtsen vann Bokbloggarprisen 2020 i kategorien ungdomsbok
- Grafill- prisane til årets vakraste bøker:
    - Gull i kategorien «Faktabok – Barn og ungdom» for boka *Ti utrulege oppfinningar* av Bår Stenvik og Rune Markhus
    - Diplom i kategorien «Skjønnlitteratur – Barn og ungdom» for ungdomsromanen *Tre meter med kniv* av Eili Harboe
    - Diplom i kategorien «Skjønnlitteratur – Bildebok» for boka *Leggetid* av Frode Grytten og Mari Kanstad Johnsen

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

**Marknadssituasjonen**

Den norske allmennmarknaden for litteratur gjekk ifølgje Bransjestatistikken tilbake med 2% om ein held strøymetenestene utanom. Lytting til lydfiler utgjer over 1/3 av det totale litteraturforbruket og ser ut til å halde fram den kraftige omsetningsveksten. For Samlaget gjekk salet til bokhandelen i 2021 opp med 2%, medan direktesalet gjekk opp 17% og salet til bibliotek gjennom Kulturrådet gjekk opp 33% frå 2020. E-boksalet gjekk tilbake med 32 %, medan lydfilsalet inkludert inntekter frå strøymetenestene gjekk fram med 450% frå 2020. Pandemiåra 2020 og 2021 har vore rimeleg gode år for bokbransjen. Litteratur har i nedstengingsperiodane vore eitt av få kulturgode tilgjengeleg. Når vi etterkvart legg pandemien og nedstenging bak oss, ventar Samlaget at den utviklinga som har prega bransjen dei siste fem åra vil halde fram.

**Overordna mål**

Samlaget skal vere:

- eit leiande skjønnlitterært forlag – og den viktigaste aktøren for nynorsk litteratur
- eit samfunnsengasjert forlag med rot i det motkulturelle
- eit forlag som tek språk på alvor
- eit forlag som prioriterer kvalitet i alle sjangrar: skjønnlitteratur, sakprosa, pensumlitteratur og ordbøker

**Forretningsidé**

Samlaget skal tilby lesaren eit breitt utval av nynorsk litteratur gjennom å utvikle forfattarskapar og selje litteratur av høgaste kvalitet.

**Årsrekneskapen**

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Årsresultatet etter skatt for 2021 blei på kr 0,7 mill. mot kr 0,9 mill. i 2020. Dei totale driftsinntektene enda på kr 65,8 mill. mot kr 60,7 mill. i 2020. Ein oppgang på 9%.

Styret legg til grunn at drifta held fram, og stadfestar at føresetnadene som rekneskapen er gjord under, er til stades.

Grunnkapitalen var kr 8 mill. per 31.12.2021, og forlaget hadde kr 31,9 mill. i annan eigenkapital. Styret har fastsett at årsresultatet etter skatt i 2021 på 0,7 mill. blir ført over til annan eigenkapital. Forlaget har etter dette ein eigenkapitaldel per 31.12.2021 på 59%.

Det Norske Samlaget har forretningskontor i Oslo.

**Styret**

Frå våren 2019 blir styret i stiftinga, utanom dei tilsette sin representasjon, valt av årsmøtet i Litteraturselskapet. Medlemmer i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har røysterett på årsmøtet.

Fram til årsmøtet i Litteraturselskapet 28. april 2021 var desse med i styret: Gunnar Hæreid (styreleiar), Espen Udland, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Hege Myklebust og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem. Styret valde Espen Udland som nestleiar.

Etter årsmøtet har styret vore samansett slik: valde av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget:

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

Gunnar Hæreid (styreleiar), Espen Udland, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Hege Myklebust og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem. Styret valde Espen Udland som nestleiar.

**Finansiell risiko**
*Marknadsrisiko*: Forlaget er eksponert mot endringar i rentenivået, store delar av innskotet har flytande rente og gir lita avkastning på grunn av det generelle rentenivået. Selskapet har også kr 16 mill. plassert i pengemarknadsfond og aksjefond med moderat til låg risiko.

*Kredittrisiko*: Brutto kredittrisiko på balansedagen utgjer kundefordringar på totalt kr 9,7 mill. Det er ikkje inngått avtalar om motrekning eller andre finansielle instrument som minimerer risikoen i forlaget.

*Likviditetsrisiko*: Styret vurderer likviditeten i selskapet per 31.12.21 som god. Likviditetsprognosen for 2022 er god.

**Helse, miljø og tryggleik**
Det totale sjukefråværet siste året var 217 dagar, som utgjer 4,9 % av total arbeidstid, mot 5,2 % i 2020. Det Norske Samlaget har avtale om «Inkluderande arbeidsliv». Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker på arbeidsplassen siste året. Forlagsdrifta fører ikkje med seg ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Forlaget har kjeldesortering.

**Likestilling og mangfald**
Ved utgangen av 2021 var kvinnedelen i leiinga på 33,3 % og delen kvinner i styret 33,3 %. Fordelinga varierer frå år til år, og det blir alltid gjort val av underrepresentert kjønn, både ved tilsetjingar og ved val av styrerepresentantar, dersom kvalifikasjonane elles er like. Prinsippet om lik lønn for likt arbeid blir halde ved like gjennom eige lønnssystem. Forlaget har eit overordna likestillingsmål som er utarbeidd i samarbeid med dei tillitsvalde. Dette ligg til grunn for likestillingsarbeidet i verksemda.

Samlaget arbeidar for større mangfald både i styret, i organisasjonen og i forfattarstaben. I utlysingane søkjer me å oppmoda kandidatar med minoritetserfaring til å søkje. Det systematiske arbeidet med auke mangfaldet i utgivingane våre held fram. Serien Norsk røyndom med mellom anna Bjørn Hatterud, Camara Joof og Sumaya Jirde Ali bana i 2018 veg for ei ny gruppe forfattarar med eit anna blikk på norsk kvardag. Deretter kom gjendiktingar frå leiande amerikanske poetar som Claudia Rankine, Ocean Wong, Warsan Shire m. fl. – alle med sterke minoritetserfaringar. Saman med Det Norske Teatret inviterte vi vinteren 2021 til skrivekonkurranse for skrivande med minoritetserfaring. Under Fossefestivalen 21 blei Marta Tveit utropt som vinnar av konkurransen. Som tidlegare nemnt har vi i løpet av 2021 etablert Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring. Går det som vi ventar vil den bety mykje for forfattarrekrutteringa framover.

**Utsiktene for 2022 – føresetnad for vidare drift**

Folk vil ha historier og forteljingar enten det er skjønnlitteratur eller faglitteratur. Det kjem ikkje til å endre seg dei neste åra, men samansetjinga vil endre seg. Folk vil i større grad lytte enn lese. Det er derfor sannsynleg at lytting til lydfiler gjennom strøymetenester vil halde fram med å vekse. Like sannsynleg er det at papirboka vil halde fram tilbakegangen. Papirboka vil over tid bety mindre for totaløkonomien i bransjen. Det vil få konsekvenser for inntektsfordelinga i verdikjeden, frå forfattar til forlag og bokhandel. Samlaget har dei siste tre åra investert i utvikling av lydporteføljen for å motverke inntektstap og vere posisjonert for vekst innanfor lydfeltet. Styret ser før seg at investeringa i lyd vil halde fram dei neste åra slik at Samlaget til ei kvar tid skal vere berekraftig posisjonert i marknaden og ha eit attraktivt tilbod til forfattarar på eine sida, lyttarar og lesarar på andre sida. Samlaget vil framleis

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

arbeide for å etablere e-boka som eit fullgodt alternativ, men som resten av bransjen ser også vi at dette formatet førebels ikkje er det føretrekte litteraturformatet.

Den norske bokmarknaden er attraktiv for internasjonale aktørar. I 2021 har både svenske og danske aktørar etablert seg på forlagssida og i strøymeleddet. I sum vil dette bety større konkurranse om dei mest attraktive forfattarane og beste ideane, men også fleire strøymetenester å spele på for å nå boklyttarane. Styret i Samlaget meiner den nye situasjonen i marknaden er godt nytt for lesar og lyttar, og sunn for forlaga som med skjerpa konkurranse vil kunne yte endå betre.

Styret vil rette ei varm takk til det store laget som er engasjert i og rundt Samlaget. Forfattarane, frilansarane, frivillige og tilsette utgjer Samlaget og gjer ein stor og sterk innsats for den nynorske litteraturen. Takka omfattar også medlemmene av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Vennelaget Samlagsrota og dei nærskylte nynorskinstitusjonane som samlaget samarbeider tett med.

Oslo, 14. februar 2022

Gunnar Hæreid
styreleiar

Espen Udland
nestleiar

Bjarne Tormodsgard

Sigrun Høgetveit Berg

Cecilie Seiness

Erik Bolstad

Edmund Austigard
adm. direktør

# Resultatrekneskap

Stiftinga Det Norske Samlaget

**Alle tal i heile tusen**

| **Driftsinntekter og driftskostnader** | **Note** | **2021** | **2020** |
|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | | | |
| Salsinntekt | | 42 008 | 36 641 |
| Andre driftsinntekter | **1, 2** | 23 743 | 24 089 |
| Sum driftsinntekter | | **65 751** | **60 729** |
| | | | |
| Produksjonskostnader | | 27 341 | 23 271 |
| Lønnskostnad | **3** | 23 357 | 22 391 |
| Avskriving | **4** | 99 | 91 |
| Tap på fordringar | **7** | 0 | -115 |
| Andre driftskostnader | | 14 123 | 14 094 |
| Sum driftskostnader | | **64 920** | **59 732** |
| | | | |
| Driftsresultat | | **831** | **997** |
| | | | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekter | | 197 | 274 |
| Anna finansinntekt | | 30 | 101 |
| Pantegjeldsrenter | | -18 | -2 |
| Annan finanskostnad | | -59 | -127 |
| | | | |
| Resultat av finanspostar | | **150** | **247** |
| | | | |
| Ordinært resultat før skatt | | 981 | 1 244 |
| Skattekostnad på ordinært resultat | **5** | 327 | 365 |
| Ordinært resultat | | **654** | **879** |
| | | | |
| **Ekstraordinære inntekter og kostnader** | | | |
| | | | |
| Årsresultat | | **654** | **879** |
| | | | |
| **Overføring** | | | |
| Overføring fra annan eigenkapital | **8** | -654 | -879 |
| Sum overføringar | | **654** | **879** |



Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

# Balanse

## Stiftinga Det Norske Samlaget

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Eigedelar** | | | |
| | | | |
| **Anleggsmidlar** | | | |
| | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Utsett skattefordel | **5** | 1 361 | 1 574 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | | **1 361** | **1 574** |
| | | | |
| **Varige driftsmidlar** | | | |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l. | **4** | 175 | 275 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **175** | **275** |
| | | | |
| **Finansielle anleggsmidlar** | | | |
| Aksjar og verdipapirfond | **6** | 16 665 | 12 591 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **16 665** | **12 591** |
| | | | |
| **Sum anleggsmiddel** | | **18 201** | **14 439** |
| | | | |
| **Omløpsmidlar** | | | |
| | | | |
| Varelager | **10** | 1 347 | 1 649 |
| Kundefordringar | **7** | 9 725 | 9 052 |
| Andre fordringar | | 1 071 | 2 645 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | **11** | 23 379 | 21 735 |
| | | | |
| **Sum omløpsmidlar** | | **35 522** | **35 081** |
| | | | |
| **Sum eigedelar** | | **53 722** | **49 521** |



Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

# Balanse

## Stiftinga Det Norske Samlaget

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital og gjeld** | | | |
| | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | **8** | 8 000 | 8 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **8 000** | **8 000** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annan eigenkapital | **8** | 31 854 | 31 200 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **31 854** | **31 200** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **39 854** | **39 200** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørar | | 2 853 | 1 677 |
| Betalbar skatt | **5** | 113 | 60 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 3 032 | 2 626 |
| Skuldig royalty | | 3 329 | 2 032 |
| Tilskot bøker i arbeid | | 203 | 447 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 4 339 | 3 479 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **13 868** | **10 321** |
| | | | |
| Sum gjeld | | **13 868** | **10 321** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **53 722** | **49 521** |



Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

# Balanse

## Stiftinga Det Norske Samlaget

Oslo, 14.02.2022
Styret i Stiftinga Det Norske Samlaget

| | | |
|---|---|---|
| Espen Udland<br>nestleiar | Bjarne Tormodsgard<br>styremedlem | Edmund Austigard<br>dagleg leiar |
| Cecilie Seiness<br>styremedlem | Sigrun Høgetveit Berg<br>styremedlem | Erik Bolstad<br>styremedlem |
| | Gunnar Ove Hæreid<br>styreleiar | |



Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

**NOTAR TIL REKNESKAPEN**

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova 1998 og god rekneskapsskikk for små føretak. Han byggjer på dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa om historisk kost, samanstilling, kongruens, aktsemd og at drifta held fram. Alle tall vises i heile tusen.

**Salsinntekter**
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Med leveringstidspunktet er det meint tidspunktet for overføring av risiko og kontroll knytt til levert vare.

**Utviklingskostnader**
Alle kostnader knytte til prosjekt og marknadstiltak blir belasta rekneskapen etter kvart som dei kjem på.

**Skatt**
Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. I tillegg til ordinær skatt på overskot betalar stiftinga formuesskatt på netto formue. Betalbar skatt er utrekna på grunnlag av det skattemessige resultatet for perioden. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunngitt med venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

**Klassifisering og vurdering av balansepostar**
Eigedelar bestemte til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Eigedelar som er knytte til varekrinsløpet, er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar er klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt, til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til kostpris. Varige driftsmidlar er balanseførte og blir avskrivne over driftsmidle si økonomiske levetid. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.
.

**Varige driftsmidlar**
Varige driftsmidlar er balanseførte og avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har ei vurdert levetid over 3 år og ein kostpris som overstig kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar er lagde til driftsmidelen kostpris og avskrivne i takt med driftsmidelen. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring er rekna i forhold til den stand driftsmidelen er i ved kjøp.

**Leasing**

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

Forlaget har berre leasingavtalar som blir klassifiserte som operativ leasing. Leasing av driftsmidlar er kostnadsført. Forskotsbetalingar er balanseført som forskotsbetalte kostnader og fordelte over leasingperioden.

**Aksjar og andre verdipapir**
Aksjar for varig eige blir ført i balansen som anleggsmidlar til historisk kost, eventuelt nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare og dette ikkje berre er kortvarig. Motteke utbytte blir registrert som inntekt i det året det er blitt motteke.

**Investeringar i andre selskap**
Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre selskap. Utbytte frå investering i andre selskap blir rekneskapsført som finansinntekt når utbytte er vedteke.

**Varelager**
Boklageret er verdsett rekneskapsmessig til lågaste av kostpris eller salspris fråtrekt salskostnader på dei bøkene som er rekna med vil bli selde. I utrekninga av kostpris er det teke omsyn til direkte tilskot til den enkelte boka. Det blir gjort nedskrivning for pårekneleg ukurans.

**Fordringar**
Kundefordringar og andre fordringar er oppførde i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

**Andre fordringar**
Forskotsbetalt ikkje opptent royalty klassifiserast i balansen under andre fordringar. Forskotsbetalingar som ikkje er opptent og eldre enn tre år tapsførast. I tillegg er det gjort individuelle vurderingar av dei gjenståande utestående fordringane.

**Pensjonar**
Selskapet har ei innskotsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetaling til forsikringsselskap. Selskapet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskot er betalt. Innskot rekneskapførast som lønnskostnad..

**Note 1 Tidsskriftsal**

| | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Syn og Segn | 285 | 582 |
| **Sum** | **285** | **582** |

**Note 2 Tilskot**

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Statstilskot | 19 835 | 19 195 |
| Skuleboknemnda til Studentmållaget i Oslo | -252 | -240 |
| Andre tilskot | 3 688 | 2 983 |
| **Sum** | **23 271** | **21 938** |

**Note 3 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor**

| Lønnskostnader | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Lønningar | 18 212 | 17 458 |
| Arbeidsgivaravgift | 2 837 | 2 647 |
| Pensjonskostnader inkl. aga | 1 466 | 1 351 |
| Andre ytingar | 842 | 935 |
| **Sum** | **23 357** | **22 391** |

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2021 er 24.

**Pensjoner**
Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Lønn | 1 575 | 375 |
| **Sum** | **1 575** | **375** |

Selskapet har overfor dagleg leiar forplikta seg til å yte eit sluttvederlag som tilsvarar 75 % av gjeldande årslønn på oppseiingstidspunktet. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

**Revisor**
Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2021 utgjer 174.
I tillegg kjem honorar for andre tenester med 87.
Revisjonshonoraret er eksklusiv meirverdiavgift.

**Styrehonorar**
Styrehonorar dekkjer både styret i Stiftinga, styret i Litteraturselskapet (medlemslaget) og styret i Rådet. Beløpet deler seg slik på dei:
Stiftinga Det Norske Samlaget: 234
Litteraturselskapet: 141
Rådet: 0
**Totalt: 375**

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

**Note 4 Anleggsmidlar**

| | Driftslausøyre, inventar o.l. |
|---|---:|
| Innkjøpskostnad per 01.01.2021 | 7 490 |
| Tilgang kjøpte anleggsmidlar | 0 |
| **Innkjøpskostnad 31.12.2021** | **7 490** |
| Avskrivingar og nedskrivingar per 01.01.2021 | 7 215 |
| Ordinære avskrivingar i år | 99 |
| **Avskrivingar og nedskrivingar per 31.12.2021** | **7 314** |
| Bokført verdi 01.01.2021 | 275 |
| Tilgang i året | 0 |
| Avskrivningar og nedskrivingar i år | 99 |
| **Bokført verdi 31.12.2021** | **175** |

Økonomisk levetid 0-5 år

| **Investeringar dei siste 5 åra:** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bilar, inventar, kontormaskinar og liknande | 119 | 184 | 145 | 171 | 0 | 619 |

Kontormaskinar og administrative system blir avskrivne over 3 år. Inventar blir avskrive over 5 år. Gevinst og tap ved sal av driftsmidlar går fram som differanse mellom salspris og bokført verdi basert på bedriftsøkonomiske avskrivningar.

Transaksjon 09222115557463232658 Signert EA, EB, SHB, EU, CS, GH, BT

**Løpande leigekontraktar**

| Leigeobjekt | Leige 2021 |
|---|---|
| Bilar | 0 |
| Kontormaskinar | 114 |
| **Sum** | **114** |

Bokført som operasjonelle leigekontraktar

## Note 5 Skatt

| Skattekostnad dette året | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Resultatført skatt på ordinært resultat | | |
| Skatt som skal betalast | 113 | 60 |
| For lite avsatt tidligere år | | 16 |
| Endring i utsett skattefordel | 214 | 305 |
| **Skattekostnad ordinært resultat** | **327** | **365** |
| | | |
| Skatt av årets resultat | 0 | 0 |
| Skatt på formue | 113 | 60 |
| **Sum skatt i balansen som skal betalast** | **113** | **60** |

Skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

| | 2021 | 2020 | Endring |
|---|---|---|---|
| Driftsmidlar | -114 | -95 | 19 |
| Varebehaldning | -5 456 | -5 869 | -413 |
| Fordringar | -2 361 | -1 782 | 580 |
| Vinst- og tapskonto | 1 747 | 2 184 | 437 |
| **Sum** | **-6 184** | **-5 562** | **622** |
| | | | |
| Akkumulert underskot som kan framførast | 0 | -1 593 | -1 593 |
| **Grunnlag for berekning av utsett skatt** | **-6 184** | **-7 155** | **-971** |
| | | | |
| **Utsett skatt** | **-1 361** | **-1 574** | **-214** |

## Note 6 Aksjar og verdipapirfond per 31.12.2021

| Andre aksjar | Aksjekap | Eigardel %* | Pålydande | Aksjar (Tal) | Kostpris | Bokført |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aksjar i | | | | | | |
| Dag og Tid A/S | 1 | 2,2 % | 0 | 1 | 25 | 25 |
| World Expression Forum AS | 1 975 | 1 % | | 1 | 25 | 25 |
| **Sum** | **1 976** | **0** | **0** | 2 | 50 | 50 |

* Eigardel = stemmedel

| Verdipapirfond per 31.12.2021 | Marknadsverdi | Bokført |
|---|---|---|
| DnB Likviditet | 1 593 | 1 603 |
| DnB Obligasjon | 1 811 | 1 824 |
| KLP aksjeglobal index | 2 683 | 1 200 |
| Landkreditt forvaltning | 10 220 | 9 988 |
| Landkreditt høyrente | 2 002 | 2 000 |
| **Sum verdipapir** | 18 310 | 16 615 |
| **Totalt bokført aksjar og verdipapir** | | **16 665** |

## Note 7 Kundefordringar

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Kundefordringar til pålydande | 9 825 | 9 152 |
| Avsetning til tap | 100 | 100 |
| **Balanseført verdi av kundefordringar 31.12** | **9 725** | **9 052** |
| Endring i avsetning til tap | 0 | |
| Realiserte tap | 0 | 0 |
| **Sum resultatførte tap på krav** | **0** | **0** |

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.
Alle kundefordringar forfell innan 1 år etter rekneskapsårets slutt.

## Note 8 Eigenkapital

| | Aksjekapital | Overkurs | Annan innskutt eigenkapital | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|---|---|---|---|---|---|
| Per. 31.12.2020 | 8 000 | 0 | 0 | 31 200 | 39 200 |
| Endringar førte mot EK | | | | 0 | 0 |
| **Per 01.01.2021** | **8 000** | **0** | **0** | **31 200** | **39 200** |
| Årets resultat | | | | 654 | 654 |
| **Per 31.12.2021** | **8 000** | **0** | **0** | **31 854** | **39 854** |

## Note 9 Kreditt og sikring

Det er stilt trygd for alle mellomvære tilsvarande 6 000 i varelager og factoring.

## Note 10 Varer

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Råmateriale | 0 | 0 |
| Varer i arbeid | 108 | 150 |
| Ferdigvarer | 9 289 | 11 416 |
| Ukurans | -8 049 | -9 918 |
| Nedskrivingar | 0 | 0 |
| **Sum netto varelager** | **1 347** | **1 649** |

## Note 11 Bundne bankinnskot, trekkrettar

| | 2021 | 2020 |
|---|---|---|
| Skattetrekkmidlar | 1 034 | 1 010 |
| Depositum - leige | 951 | 951 |
| **Sum** | **1 987** | **1 963** |

# Verifikasjon

Transaksjon 09222115557463232658

## Dokument

| |
|---|
| Årsmelding og -rekneskap 2021 Stiftinga DNS<br>Hoveddokument<br>15 sider<br>*Initiert på 2022-02-16 15:38:29 CET (+0100) av Edmund Austigard (EA)*<br>*Ferdigstilt den 2022-02-16 17:17:29 CET (+0100)* |

## Signerende parter

| | |
|---|---|
| Edmund Austigard (EA)<br>Stiftinga Det Norske Samlaget<br>*e.austigard@samlaget.no*<br>+4748201320<br>*Signert 2022-02-16 15:38:30 CET (+0100)* | Erik Bolstad (EB)<br>*bolstad@snl.no*<br>*Signert 2022-02-16 17:05:52 CET (+0100)* |
| Sigrun Høgetveit Berg (SHB)<br>*sigrun.hogetveit.berg@uit.no*<br>*Signert 2022-02-16 16:03:49 CET (+0100)* | Espen Udland (EU)<br>*espen@startsiden.no*<br>*Signert 2022-02-16 17:17:29 CET (+0100)* |
| Cecilie Seiness (CS)<br>*c.seiness@samlaget.no*<br>*Signert 2022-02-16 15:48:00 CET (+0100)* | Gunnar Hæreid (GH)<br>*fmsfgoh@fylkesmannen.no*<br>*Signert 2022-02-16 15:53:31 CET (+0100)* |
| Bjarne Tormodsgard (BT)<br>*bt@hallingdolen.no*<br>*Signert 2022-02-16 15:50:40 CET (+0100)* | |

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: https://scrive.com/verify

Til årsmøte i Stiftinga Det Norske Samlaget

# *Melding frå uavhengig revisor*

## *Konklusjon*

Vi har revidert Stiftinga Det Norske Samlaget sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

## *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

## *Ytterlegare informasjon*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsregnskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon . Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det.. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

pwc

## *Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For videre beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

## *Konklusjon om forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsregkneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISEA) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meinar vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftingas formål, og elles i samsvar med vedtekene.

Oslo, 21. februar 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Eivind Nilsen
*Statsautorisert revisor*
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

**Signers:**

| ***Name*** | ***Method*** | ***Date*** |
|---|---|---|
| Nilsen, Eivind | BANKID_MOBILE | 2022-03-16 15:49 |

**This document package contains:**

*- Closing page (this page)*
*-The original document(s)*
*-The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.*

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

## SAMLAGET SINE UTGIVINGAR I 2021

### *Utgivingar*

I alt 247 titlar, inkludert nye utgåver, nye opplag av bøker gitt ut før 2021, e-bøker, lydbøker og billegbøker (pocket). 121 av titlane er papirbøker, og 126 av titlane er digitale bøker (lyd- og e-bøker).

## Skjønnlitteratur

### *Vaksen skjønnlitteratur – nye titlar (28 titlar)*

| | |
|---|---|
| Berg, Sunniva Relling | Lyden av to hender |
| Bjørnstad, Åsmund | Konfirmasjon til alderdommen. Dikt for eldre |
| Bye, Kari Anne | Eg bur her no |
| Eikemo, Marit | Team Tuva |
| Fleire | Og alle ting vert nye. Nye nynorske noveller |
| Fosse, Jon | Eit nytt namn. Septologien VI–VII |
| Fosse, Jon | Dikt i samling |
| Fosse, Jon | Sterk vind |
| Harrysson, Jeaninne Masika. Gjendikta til nynorsk i samarbeid med Tove Bakke | Alt godt som enno ventar |
| Høghaug, Leif | Gran Tarzana |
| Høvring, Mona | Soga om Fråid |
| Indrehus, Krista Lien | Flør |
| Jonsson, Tor | Nærast er du når du er borte |
| Kaldhol, Marit O | Enno var dei kroppar |
| Kolerud, Arnfinn | Gamle menn i syningom |
| Kraft, Åsa Maria. Til norsk ved Martin Ingebrigtsen | Robotsand |
| Kråkevik, Herborg (red.) | Juleroser 2021 |
| Melby, Christine Kjellstrøm | Ho |
| Oswald, Alice. Til norsk ved Paal-Helge Haugen | Ingen |
| Ravn, Olga. Til norsk ved Inger Bråtveit | Dei tilsette |
| Rein, Arild | Domestiserte dyr |
| Senje, Ingrid | Stupeteknikk |
| Sortland, Gaute M | Avsporingar. Pre- og postapokalyptiske noveller |
| Storrusten, Kristin og Ingunn Hamran | Det største i livet. Dikt om graviditet, fødsel og den første tida |
| Strøm, Dordi | Flog |
| Tveiten, Kristin | Menneske og møll |
| Tveiten, Marie | Bonus |
| Uthaug, Maren. Til norsk ved Ingvild Holvik | Ein lykkeleg slutt |

### *Vaksen skjønnlitteratur – billegbøker/pocket (5 titlar)*

| | |
|---|---|
| Ferrante, Elena. Til norsk ved Kristin Sørsdal | Dei vaksnes løgnaktige liv |
| Fosse, Jon | Stengd gitar |
| Fosse, Jon | Eg er ein annan. Septologien III–V |
| Nilssen, Olaug | Yt etter evne, få etter behov |
| Uthaug, Maren. Til norsk ved Ingvild Holvik | Der det finst fuglar |

### *Vaksen skjønnlitteratur – nye opplag (5 titlar)*

| | |
|---|---|
| Basso, Aina | Ungen |
| Hauge, Olav H | Olav H Hauges vakraste dikt |
| Kolerud, Arnfinn | Når ein først skal skyte nokon |
| Nilssen, Olaug | Yt etter evne, få etter behov |
| Snorre m. fleire | Edda. Den Eldre Edda og Den Yngre Edda |

*Vaksen skjønnlitteratur – e-bøker (25 titlar)*

| | |
|---|---|
| Berg, Sunniva Relling | Lyden av to hender |
| Bjørnstad, Åsmund | Konfirmasjon til alderdommen |
| Bye, Kari Anne | Eg bur her no |
| Eikemo, Marit | Team Tuva |
| Fleire | Og alle ting vert nye. Nye nynorske noveller |
| Fosse, Jon | Sterk vind |
| Fosse, Jon | Eit nytt namn. Septologien VI–VII |
| Fosse, Jon | Stengd gitar |
| Høghaug, Leif | Gran Tarzana |
| Høvring, Mona | Soga om Fråid |
| Indrehus, Krista Lien | Flør |
| Jonsson, Tor | Nærast er du når du er borte |
| Kaldhol, Marit O | Enno var dei kroppar |
| Kolerud, Arnfinn | Gamle menn i syningom |
| Kraft, Åsa Maria. Til norsk ved Martin Ingebrigtsen | Robotsand |
| Melby, Christine Kjellstrøm | Ho |
| Oswald, Alice. Til norsk ved Paal-Helge Haugen | Ingen |
| Ravn, Olga. Til norsk ved Inger Bråtveit | Dei tilsette |
| Rein, Arild | Domestiserte dyr |
| Senje, Ingrid | Stupeteknikk |
| Sortland, Gaute M | Avsporingar. Pre- og postapokalyptiske noveller |
| Strøm, Dordi | Flog |
| Tveiten, Kristin | Menneske og møll |
| Tveiten, Marie | Bonus |
| Uthaug, Maren. Til norsk ved Ingvild Holvik | Ein lykkeleg slutt |

*Vaksen skjønnlitteratur – lydbøker (23 titlar)*

| | |
|---|---|
| Berge, Atle | Puslingar |
| Bye, Kari Anne | Eg et før eg kjem |
| Bye, Kari Anne | Eg bur her no |
| Eikemo, Marit | Team Tuva |
| Fosse, Jon | Eit nytt namn. Septologien VI–VII |
| Gavalda, Anna. Til norsk ved Ragnar Hovland | Eg vil at nokon skal vente på meg |
| Gavalda, Anna. Til norsk ved Tove Bakke | For ope hjarte |
| Gavalda, Anna. Til norsk ved Tove Bakke | Ein vakker dag |
| Hauge, Olav H. | Mange års røynsle med pil og boge. Forfattaren les 97 eigne dikt |
| Hovland, Ragnar | Halve sanninga |
| Hovland, Ragnar | Paradis |
| Hovland, Ragnar | Ei vinterreise |
| Hovland, Ragnar | Dr. Munks testamente |
| Hovland, Ragnar | Professor Moreaus løyndom |
| Hovland, Ragnar | Utanfor sesongen |
| Kolerud, Arnfinn | Når ein først skal skyte nokon |
| Kolerud, Arnfinn | Kom ikkje inn i mitt hus |
| Kolerud, Arnfinn | Gamle menn i syningom |
| Kvæven, Tore | Hard er mitt lands lov |
| Kaasa, Erlend | Men ikkje Maria |
| Norheim, Jørgen | Ingen er så trygg i fare |
| Uthaug, Maren. Til norsk ved Ingvild Holvik | Ein lykkeleg slutt |
| Kråkevik, Herborg (red.) | Juleroser 2021 |

*Barne- og ungdomsbøker – nye titlar (21 titlar)*

| | |
|---|---|
| Djupvik, Laura og Øyvind Torseter | Bror min |
| Dybedal, Line og Line Renslebråten | Eit hjarte til jul |
| Eiksund, Geir Egil | Kampen |
| Engedal, Marianne Gretteberg | Polititjuven |
| Kråkevik, Herborg (red.) | Barnas Juleroser 2021 |
| Folkestad, Anna R | Byggebøll |
| Folkestad, Anna R | Fiskebolleboksraketten |
| Grande, Martine | Ørn |
| Hansen, Atle | Alexander er forelska i Live |
| Hjemås, Rune F | Ein bror i verdsrommet |
| Kleiva, Rønnaug | Vinden og kattane |
| Kroon, Oskar. Til norsk ved Runa Kvalsund | Vente på vind |
| Landström, Lena og Olof | Bø og Bæ og stakkars Bo |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Fanga på fjorden. Klodeklubben 3 |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Julemysteriet. Klodeklubben 4 |
| Markhus, Vegard | Kunst og hærverk |
| Moldskred, Åshild | Berre hopp! |
| Neverdahl, Ida Eva | Floke 2 |
| Nortun, Harald | Skallen |
| Solheim, Tone E | Svarttrasta syng om natta |
| Stai, Kari | Passe happy |

*Barne- og ungdomsbøker – nye opplag (16 titlar)*

| | |
|---|---|
| De Saint-Exupéry, Antoine. Til norsk ved Jon Fosse | Den vesle prinsen |
| Grytten, Frode og Mari Kanstad Johnsen | Leggetid |
| Hansen, Atle | Eg har venta på deg |
| Ingebrigtsen, Ann Helen Kolås | Sinne |
| Kaaberbøl, Lene | Skammarens dotter |
| Lillegraven, Ruth | Eg er eg er eg er |
| Landström, Lena og Olof | Bø og Bæ i skogen |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Dei svarte svanene. Klodeklubben 1 |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Hytta som forsvann. Klodeklubben 2 |
| Nortun, Harald | Eksperimentet |
| Nortun, Harald | Spådama i 7B |
| Parr, Maria | Tonje Glimmerdal |
| Røssland, Tor Arve | Glimt |
| Stai, Kari | Jakob og Neikob. Naboen |
| Strassegger, Peter F | Aleksander den store |
| Aarø, Selma Lønning | Bergtatt |

*Barne- og ungdomsbøker – e-bøker (12 titlar)*

| | |
|---|---|
| Eiksund, Geir Egil | Kampen |
| Hansen, Atle | Alexander er forelska i Live |
| Hjemås, Rune F | Ein bror i verdsrommet |
| Folkestad, Anna R | Fiskebolleboksraketten |
| Kleiva, Rønnaug | Vinden og kattane |
| Kroon, Oskar. Til norsk ved Runa Kvalsund | Vente på vind |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Fanga på fjorden. Klodeklubben 3 |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Julemysteriet. Klodeklubben 4 |
| Moldskred, Åshild | Berre hopp! |
| Nortun, Harald | Skallen |
| Solheim, Tone E | Svarttrasta syng om natta |
| Stai, Kari | Passe happy |

*Barne- og ungdomsbøker – lydbøker (31 titlar)*

| | |
|---|---|
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Fanga på fjorden. Klodeklubben 3 |
| Basso, Aina | Heksejakt og heksebrenning i Europa |
| Basso, Aina | Ingen må vite |
| Basso, Aina | Inn i elden |
| Bruheim, Magnhild | Blod på hendene |
| Bruheim, Magnhild | Motorsykkelmysteriet |
| Bruheim, Magnhild | På flukt |
| Bruheim, Magnhild | Hyttemysteriet |
| Bruheim, Magnhild | Venneringen |
| Gjerde, Christian Wiik og Ingunn Thon | Oppdrag romvesen 1. Dei nye naboane |
| Gjerde, Christian Wiik og Ingunn Thon | Oppdrag romvesen 2. Første skoledag |
| Gjerde, Christian Wiik og Ingunn Thon | Oppdrag romvesen 3. Akvariet |
| Gjerde, Christian Wiik og Ingunn Thon | Oppdrag romvesen 4. På overnatting |
| Gjerde, Christian Wiik og Ingunn Thon | Oppdrag romvesen 5. Musikktimen |
| Hovland, Ragnar | Om noko skulle skje |
| Hovland, Ragnar | Alltid fleire dagar |
| Kaldhol, Marit | Søkeord: ayotzintli |
| Kvalvaag, Hilde K. | Fengsla |
| Kvalvaag, Hilde K. | Nattsommarfugl |
| Lillegraven, Ruth og Jens Kristensen | Julemysteriet. Klodeklubben 4 |
| Mæhle, Lars | Harry og Ivar i Junaited Statesen |
| Mæhle, Lars | Harry og Ivar tryllar jula inn |
| Mæhle, Lars | Harry og Ivars detektivbyrå |
| Mæhle, Lars | Dødeboka |
| Mæhle, Lars | Bouvetøya 2052 |
| Mæhle, Lars | Landet under isen |
| Nortun, Harald | Eksperimentet |
| Røsslad, Ingelin | Englejakt |
| Røsslad, Ingelin | Englefjes |
| Røsslad, Ingelin | Engleslakt |
| Røsslad, Ingelin | Flyt |
| Kråkevik, Herborg (red.) | Barnas Juleroser 2021 |

## Sakprosa

*Sakprosa for allmennmarknaden – nye titlar (21 titlar)*

| | |
|---|---|
| Brakstad, Ingjerd Veiden | Etter folkemordet 1940– |
| Dreyer, Lisbeth | Små hagar |
| Dypvik, Astrid | Det mørke Tyskland |
| Folgerø, Halvor | Vestlandsvegar. Historier om farlege og spektakulære vegstrekk |
| Fridtun, Kristin | Kunsten å irritera seg over skrivefeil |
| Furseth, Astor | Noregs største steinras. Tjelle-skredet 1756 |
| Grane, Ingvild | Strikk med Ingvild frå @skaperrom. Klassiske, enkle og fargerike plagg |
| Henttinen, Gudrun Hannele | Islandske vottar. 25 tradisjonelle mønster |
| Hjørnevik, Jon | Påfuglen som trakka i møtematen |
| Kjeldstadli, Knut | Dei harde trettiåra |
| Lavik, Maria | Vi, dei fattige |
| Liman, Lina. Til norsk ved Olaug Nilssen | Kunsten å feike arabisk. Ei forteljing om autisme |
| Mjør, Kjersti og Olaug Bollestad | Snakk sant om livet |
| Nedrejord, Katrine | Flukta til Finnmark |
| Nymark, Johannes | Barça. I kamp sidan 1899 |
| Orning, Hans Jacob | Dei norske borgarkrigane 1130–1240 |

| | |
|---|---|
| Sandberg, Sigri | Eg hadde ikkje orka Gud utan Jesus. Seks samtalar og eit isbad med biskop Kari Veiteberg |
| Schwarz, Christine Fure | Redesign |
| Sele, Katrine | Einars bok |
| Smith, Nils Henrik | Entusiasme og raseri. Artiklar om fotball |
| Totland, Anders | Vindmøllekampen |

*Sakprosa for allmennmarknaden – pocket (3 titlar)*

| | |
|---|---|
| Hatterud, Bjørn | Mjøsa rundt med mor |
| Slapgard, Sigrun | Eit hemmeleg liv |
| Solheim, Simon | Livvakt |

*Sakprosa for allmennmarknaden – nye opplag (3 titlar)*

| | |
|---|---|
| Joof, Camara Lundestad | Eg snakkar om det heile tida |
| Stubhaug, Bjarte | Når livet røyner på |
| Walgermo, Alf Kjetil | Bibelens kvinner |

*Sakprosa for allmennmarknaden – e-bøker (15 titlar)*

| | |
|---|---|
| Brakstad, Ingjerd Veiden | Etter folkemordet 1940– |
| Dypvik, Astrid | Det mørke Tyskland |
| Fridtun, Kristin | Kunsten å irritera seg over skrivefeil |
| Furseth, Astor | Noregs største steinras. Tjelle-skredet 1756 |
| Hjørnevik, Jon | Påfuglen som trakka i møtematen |
| Kjeldstadli, Knut | Dei harde trettiåra |
| Lavik, Maria | Vi, dei fattige |
| Liman, Lina. Til norsk ved Olaug Nilssen | Kunsten å feike arabisk. Ei forteljing om autisme |
| Nedrejord, Katrine | Flukta til Finnmark |
| Nymark, Johannes | Barça. I kamp sidan 1899 |
| Orning, Hans Jacob | Dei norske borgarkrigane 1130–1240 |
| Sandberg, Sigri | Eg hadde ikkje orka Gud utan Jesus. Seks samtalar og eit isbad med biskop Kari Veiteberg |
| Sele, Katrine | Einars bok |
| Smith, Nils Henrik | Entusiasme og raseri. Artiklar om fotball |
| Totland, Anders | Vindmøllekampen |

*Sakprosa for allmennmarknaden – lydbøker (9 titlar)*

| | |
|---|---|
| Mjør, Kjersti og Olaug Bollestad | Snakk sant om livet |
| Fidjestøl, Alfred | Nesten menneske. Biografien om Julius |
| Halvorsen, Anne Gunn | Stress og korleis leve med det |
| Hatterud, Bjørn | Mjøsa rundt med mor |
| Hatterud, Bjørn | Mot normalt |
| Liman, Lina. Til norsk ved Olaug Nilssen | Kunsten å feike arabisk. Ei forteljing om autisme |
| Sandberg, Sigri | Mørke |
| Slapgard, Sigrun | Eit hemmeleg liv |
| Sæter, Svein | XU. I hemmeleg teneste 1940–45 |

*Høgare utdanning – nye titlar (10 titlar)*

| | |
|---|---|
| Akslen, Åse Nylenna og Randi Moe | Barnehagepedadogikk. Ei innføring for studentar |
| Askeland, Norunn | Essayet. Ein veg til kreativ fagskriving |
| Elstad, Hallgeir og Per Halse | Norsk kristendomshistorie |
| Haug, Peder | Spesialundervisning |
| Jenssen, Dag | Vitskapsteori i sosialt arbeid |
| Michelsen, Maja | Barns fritidstekstar |

| | |
|---|---|
| Nygård, Mari | Grammatikk og grammatikkdidaktikk |
| Ohnstad, Bente | Juss i sjukepleie |
| Simonhjell, Nora og Benedikt Jager (red.) | Norsk litterær årbok 2021 |
| Stugu, Ola Svein | Den andre verdskrigen i norsk etterkrigsminne |

*Høgare utdanning – nye opplag (9 titlar)*

| | |
|---|---|
| Alvsvåg, Herdis og Einar Aadland | Profesjonsetikk i sjukepleie |
| Djupvik, Alf Roger og Magne Eikås | Organisert velferd |
| Dyrvik, Ståle | Året 1814 |
| Gilje, Nils | Hermeneutikk |
| Kaldal, Ingar | Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie |
| Myhre, Jan Eivind | Norsk historie 1814–1905 |
| Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken | Tekst i tid og rom |
| Schwebs, Ture mfl. | Media i samfunnet |
| Skjong, Synnøve (red.) | Norsk = nynorsk og bokmål |

*Høgare utdanning – e-bøker (10 titlar)*

| | |
|---|---|
| Askeland, Norunn | Essayet. Ein veg til kreativ fagskriving |
| Elstad, Hallgeir | Norsk kristendomshistorie |
| Haug, Peder | Spesialundervisning |
| Jenssen, Dag | Vitskapsteori i sosialt arbeid |
| Larsson, Ida | Praktisk grammatikk. Øvingar og løysingsforslag |
| Michelsen, Maja | Barns fritidstekstar |
| Nygård, Mari | Grammatikk og grammatikkdidaktikk |
| Ohnstad, Bente | Juss i sjukepleie |
| Simonhjell, Nora og Benedikt Jager (red.) | Norsk litterær årbok 2021 |
| Stugu, Ola Svein | Den andre verdskrigen i norsk etterkrigsminne |

*Høgare utdanning – lydbøker (1 tittel)*

| | |
|---|---|
| Seiness, Cecilie N. | Jon Fosse. Poet på Guds jord |